



KYSTVERKET

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

MOTTATT

11 AUG 2009

Deres ref
09/1626-TRS

Vår ref
09/01621-4

Arkiv nr
401

Saksbehandler
Synnøve Lunde

Dato
7. august 2009

NOU 2009:3 - På sikker veg – høyringsinnspel frå Kystverket

Vi syner til brev frå Samferdselsdepartementet dagsett 24. april 2009, med NOU 2009:3 "På sikker veg" - Vurdering av eit eige sjølvstendig organ for tilsyn med veginfrastrukturen - som er på høyring. Det går fram av NOU 2009:3 at eit fleirtal tilrår at det blir etablert eit eige tilsyn i vegsektoren. Eit mindretal i utvalet tilrår at det ikkje blir etablert eit eige tilsynsorgan for veginfrastrukturen. Heile utvalet er samd i at eit løysing med to statelege tilsyn for trafikktryggleik ikkje er ideell. Departementet ber derfor om høyringsinstansane sitt syn på eit tilsyn som dekkjer heile sektoren, også trafikkant – og køyretøyområdet.

Kystverket sine vurderingar

Eit eige vegtilsyn vil i liten grad ha direkte verknader for Kystverket si verksemd. Det fins i dag eit eige tilsyn for jernbanen, eit eige tilsyn for luftfarten og om det vert oppretta eit eige tilsyn for vegsektoren er Kystverket den einaste samferdsleetaten som fortsett har rolla både som forvaltningsetat og som tilsynsmynde. Det er eit interessant perspektiv for Kystverket si eiga organisering av sin tilsynsfunksjon. NOU 2009:3 har ein deskriptiv gjennomgang av organisering av tilsynsfunksjonar i dei andre sektorane. Det hadde vore lettare å ta stilling til saka om det også vart gjort greie for kva for nokre erfaringar ein har gjort seg med denne delinga særleg hjå luftfartstilsynet og Statens jernbane tilsyn.

Ein kan sjå føre seg nokre tilknytingspunkt mot veginfrastrukturen ved ferjeleier, bruer og hamner. Dette gjeld og i dag og vil i liten grad endre samspelet med vegstyremakta for vår del.

Til dei særskilde spørsmåla som departementet vil ha ei vurdering av:

- Kystverket seier seg samd i at ei tilsyn for veginfrastrukturen må være eit risikobasert systemtilsyn.

KYSTDIREKTØREN

Sentral postadresse: Kystverket, Serviceboks 2,
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08

Internett:
E-post: post@kystverket.no

Telefon: +47
Telefaks: +47
Bankgiro:
Org.Nr.:

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

- Kystverket er sjølv ein etat med både forvaltningsoppgåver og tilsynsoppgåver innan sitt virkeområde. Vi er samd i at det kan ha visse utfordringar i høve til å skilje roller. På same måte som innan vegsektoren har Kystverket skild frå seg produksjonseininga si. Rollekonflikten kjem derfor i størst grad til syne på kor langt ein forvaltingsetat kan gje råd om høve dei seinare skal godkjenne eller t.d. handsame som klagesaker. Sett i eit slikt perspektiv er vi samd i at det å etablere eit eige tilsyn kan gjere skiljet mellom roller meir tydelig både for etaten sjølv, andre etatar og ikkje minst publikum.
- Eit tilsyn for veginfrastrukturen skal rette seg mot offentleg veg og eigar av offentleg veg dvs staten, kommunane eller fylkeskommunane. Kystverket er samd i denne avgrensinga. Når det gjeld avgrensinga om tilsyn med veginfrastruktur og tilsyn med trafikkant og køyretøy kan vi sjå at den ikkje er ideell, men t.d. har Kystverket og Sjøfartsdirektoratet same arbeidsdeling i høve til hamn og skip. Så lenge grensene er klårt definerte er ikkje dette noko stort problem.
- Vi er samd i at eit vegtilsyn må ha heimel i lov om kva for sanksjonar som kan og skal nyttast.
- Når det gjeld ressursbruk for å etablere eit slikt tilsyn er det etter Kystverket si oppfatning her den største utfordringa ligg. Det er heilt på det reine at det vil bli ei oppbygging av "dobbel-kompetanse" og sikkert også ei tapping av ressursar frå Statens vegvesen for å etablere tilsynet. Det vil bli sær s ressurskrevjande å etablere og drifte ein ny organisasjon med 50 -100 tilsette, og det er lett å tenkje seg at alternativbruken av dei midlane som må til kan nyttast til direkte trafikktryggingarbeid i regi av dagens organisering.

Oppsummering

Som utvalet sjølv kan vi sjå både positive og negative sider med ei etablering av eit eige vegtilsyn. Det kan føre til meir klårt definerte linjer for etatane, men vi er meir usikre på om resultatet i form av økt trafikktryggleik vil stå i høve til innsatsen.

Så lenge tilsynet skal rette seg berre mot veginfrastruktur vil det ha liten verknad direkte for Kystverket. Men Kystverket blir da den einaste samferdsle etaten som ikkje er delt i en forvaltningsdel og ei tilsynseining. Vi ser for oss at det kan få konsekvensar for Kystverket si organisering av tilsynsfunksjonen.

Om man på den andre sida vil vidareføre tanken om tilsyn med statleg / offentleg infrastrukturbygging i andre sektorar tilrår Kystverket at det vert gjort ei vurdering av ei løysing som den svenske med eit felles tilsyn for all samferdsel.

Tilslutt har vi ein liten direkte kommentar på sjølve utredninga. Kystverket opplev ofte at kunnskapen om at Kystverket har mynde og oppgåver ved akutt forureining også frå landbasert verksemd (inkludert transport) er lite kjend. Dette ansvaret ble overført frå Statens forureiningstilsyn til Kystverket i 2003. Vi foreslår derfor at det under kap 5.3.3 *Kystverket* tilføyes følgjande tekst som synes relevant i denne samanheng:


Kystverket har ansvar for å hindre og avgrense skader som følgje av akutt forureining på sjø og land. Ansvaret ivaretakast gjennom å sjå til at den som er ansvarleg for forureininga eller kommunen set i verk nødvendig åtgjerder når akutt forureining også frå

transportsektoren truar eller inntreff. Dersom ansvarlig forureinar ikkje sett i verk nødvendige åtgjerder vil Kystverket på vegne av forureinar sjå til at det blir gjort.

Med hilsen



Kirsti L. Slotsvik
kystdirektør



Synnøve Lunde